



Svalbu As
Jon Berg, Sivilingeniør
Kjennedalslia 21
5225 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4673 - 23/54814

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
29.06.2023

Løyve til etablering av midlertidig anleggsvei - gbnr 355/14 Skjelanger

Administrativt vedtak: Saknr: 703/23
Tiltakshavar: Svalbu As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 bokstav c) jf. § 30-5 vert det gjeve løyve til løyve til etablering av midlertidig anleggsveg inntil 2 år frå vedtaksdato på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan journalført motteke 08.07.2022 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Alle massar frå anleggsvegen skal fjernast innan 30.06.2025 og terrenget skal førast attende.
3. Det skal sendast skriftleg tilbakemelding med fotodokumentasjon når vegen er tilbakeført. Tilbakeføring skal gjerast umiddelbart etter at midlertidig løyve er gått ut.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av midlertidig anleggsveg på 58,0 meter og med ei breidd på 2,5 meter for å få tilgang til naust med tyngre maskinar i samband med restaurering av naust.



Midlertidig anleggsvei

Det vert elles vist til søknad motteken 08.06.2022 og supplert 08.07.2022, 08.08.2022, 18.08.2022 og 13.12.2022.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Følgjande dokumentasjon vart etterspurt ved brev av 23.06.2022:

1. Anleggsvegen må teiknast inn på vedlagt situasjonskart.
2. Lenge og bredde på veg må opplysast om.
3. Terengprofilar på veg må sendast kommunen.
4. For at midlertidig anleggsveg skal kunne forestås av tiltakshavar, jf. pbl § 20-4 bokstav c) må du redegjere for at etablering av veg ikkje inneber vesentleg terrenginngrep og at tiltaket ikkje fører til vesentleg ulempe for omgivelsene, jf. pbl § 30-5. Redegjørelsen som følger søknaden må klargjøre hvilke ulemper det midlertidige tiltaket vil medføre for omgivelsene, og om de kan forebygges eller begrenses.

Dersom etablering av midlertidig anleggsveg inneber vesentleg terrenginngrep som medfører arealinngrep som gir synlege spor etter tiltaket, må det søkjast om dispensasjon frå byggegrense mot sjø og frå arealføremålet LNF, jf. pbl § 11-5 første ledd.

Brev datert 14.07.2022:

1. Av innsendt informasjon kjem det fram at det er leire i grunn der du skal fjerne jordmassar og erstatte med grus. Kommunen legg til grunn at tiltaket fell innunder K0, jf. TEK17 § 7-3.


Vidare er det klart at bygninger, konstruksjonar eller anlegg er midlertidige når dei skal plasserast for ein kortere periode enn to år. Det er også ein forutsetning at dei ikkje medfører arealinngrep som gir varige synlege spor etter tiltaket. Hovedbestemmelsen som regulerar slike tiltak finnes i plan- og bygningsloven (pbl.) § 30-5. Hvis tiltaket plasseres i strid med kriteriane i føresegna, vil tiltaket være ulovleg slik at sanksjonsreglane i pbl. kapittel 32 kjem til anvendelse. For øvrig gjeld dei materielle føresegna i lova så langt dei passar for midlertidige tiltak, dette gjeld for m.a. tryggleik.

I [NVE Veileder](#) temaretleiing om utbygging i fareområder går det fram at «sikkerhetskravene gjelder for alle tiltak i områder med fare for områdeskred. Kravene til sikkerhet gjelder om det planlagte tiltaket ligger i eller nær en skråning og kan bli berørt av løseområdet til et skred, eller om tiltaket ligger i utløpsområdet for et skred. For selve byggverket blir tilfredsstillende konstruksjonssikkerhet ivare tatt dersom prosjektering skjer i samsvar med gjeldende norske standarder, jf. TEK17 § 10-2».

Hovedformålet er å unngå at tiltak utløser områdeskred eller at tiltaket blir rammet av områdeskred som utløses annet sted. Sikkerhet mot områdeskred skal alltid dokumenteres. Kommunen kan ikkje sjå at det kjem fram korleis det er teke omsyn til dette i søknaden, og ber om tilbakemelding på dette.

Brev datert 14.11.2022:

1. Det er i søknaden opplyst under avsnitt «konklusjon» at området ikkje er innanfor aktsemdområde og det ikkje er naudsynt med vidare utgreiing. Samstundes kjem det fram i vedlegget at vegen skal plasserast på leire. Sjå under for figur 4 oversendt frå dykk 19.07.2022.



Før kommunen kan handsame søknaden må det liggja føre ei utgreiing frå fagkunnig som syner korleis risikoen for naturfare er ivaretatt. Vi syner elles til vårt brev av 14.07.2022.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland sin arealdel er definert som LNF-formål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan journalført motteke 08.07.2022.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 36,8 meter.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser plassering av midlertidig anleggsveg.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Unntak for plassering av midlertidig anleggsveg

Det følg av pbl § 30-5 at bygningar, konstruksjonar eller anlegg kan plasserast midlertidig i inntil 2 år. Det er ein føresetnad at dei ikkje medfører arealinngrep som

gir varige synlege spor etter tiltaket, samt at det ikkje førar til vesentleg ulempe for omgivnadene.

Kommunen vurderer at det kan gis løyve til midlertidig anleggsveg inntil 2 år frå vedtaksdato, på vilkår om at alle massar etter anleggsvegen vert fjerna når løyvet er gått ut (2 år), samt at terreng vert ført attende.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket kan du søkje om sjølv, jf. pbl § 20-4.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Alle eigedomar skal ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar skal ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

De må søka om mellombels bruksløyve eller ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket kan takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Det kan søkast mellombels bruksløyve for delar av tiltaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4673

Med vennleg helsing
Alver kommune

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Svalbu As

Kjenndalslia 21 5225

NESTUN